

## Saksprotokoll i fylkestinget - 11. og 12.12.2018

Fylkesordføreren gav slikt svar:

Fylkesordføreren viser til interpellasjon frå Geir Angeltveit (V) som handlar om ulike sider ved nynorsk i fylkeskommunen. Interpellanten er innom spørsmål knytte til innkjøpspraksis, personalforvaltning, kommunikasjon internt og mot omverda knytt opp mot målbruksplanen. Hovuddelen av interpellasjonen er knytt til IT og nynorsk i denne samanhengen. Fylkesordføreren avgrensar svaret til å gjelde denne delen ettersom dei konkrete spørsmåla gjeld dette.

Fylkesordføreren viser til det interpellanten nemner om at ein i haust har gjennomført oppgradering til operativsystemet Windows 10 i heile fylkeskommunen. Ein er no i sluttfasen av denne oppgraderinga som skjer på bakgrunn av at Microsoft frå 1. januar 2020 sluttar å vedlikehalde Windows 7 som ein har nytta fram til no.

Innstillingane frå Windows 7 er vidareførde ved oppgraderinga til Windows 10. I tillegg er det lagt vekt på å betre IT-tryggleiken og lisenskontrollen.

Fylkesrådmannen har tidlegare teke opp at Office-pakken ikkje har vore installert med nynorsk som standard og har sett i gang arbeid for å få dette retta opp. Hordaland fylkeskommune skal ha Office 2016 med nynorsk skriftspråk som standard. Fylkesordføreren legg til grunn at dette kjem på plass med det aller første.